


BOKN BYGDABLAD

Nr 6 august 2003 - Årg. 18

www.bygdabladet.no



Val - s. 4



Optimistar - s. 16



Ta sjansen - s. 20



Bokn
kommune

Kusymre
kommuneblom i Bokn



Kjære lesar!

Flinke medhjelparar

Du held utgåva for juli og august i hendene. Som for andre småaviser og blad er det begrensa med tilgang på stoff om sommaren, men dei dyktige medhjelparane mine, som også hadde sommarjobb i Bygdabladet i fjor, har sørget for at det ikkje berre blei såkalla "agurknytt".

Sophie Jansen Alvestad (tv. på bildet) og Camilla Holm Birkeland har latt kreativiteten, gode norskkunnskaper og glede over å intervju, fotografer, skriva og redigera gå mest ut over det som skal skje om ein måned, nemleg Kommunevalet.



Ein stor takk til dei drevne skribentane!

Valet

Bygdabladet ynskjer å vera med å bidra til at fleire enn ca. 70% av dei 575 stemmeberettigta i Bokn stemmer ved årets kommuneval. Lesarane er velkomne til å stilla spørsmål til partileiarar, listetoppar og ordførarkandidatar (sjå s. 6). Spørsmål og svar kjem i septemberutgåva, i dagane før valet.

Følg ellers med på www.bygdabladet.no. For tida ligg det ute ei meningsmåling på valdeltaking ved direkte ordførarval. Prosentvis er resultatet omtrent i tråd med statistikken. Når valdagen nærmar seg vil desse meningsmålingane bli meir konkrete. Trafikken på nettutgåva går fortsatt over all forventning sidan oppstarten 1. april., og pr. 11. august ligg 87 nyhetersartiklar ute på nettsida.

Nytt papir

Observante lesarar la kanskje merke til at bladet forrige gong var trykt på eit noko tynnare og mindre "bestrøke" papir. Innsparingstiltaket har ført til større gjennomslag til baksida samt dårlegare billedkvalitet. Omslaget er det same. Ingen negative tilbakemeldingar fortel at innsparingstiltaket var vellykka og det er ikkje venta bortfall av abonnentar.

Tvert om kjem stadig fleire abonnentar til enn dei som fell frå. Fleire av dei nye som vil abonnere på bladet kjem via internett.

Friluftsliv

På side står oversikta for utdelinga av kulturmidlane 2003. Nytt i år var ein eigen pott til eit spesielt tiltak, og Driftsstyret valde å satsa på tilretteleggingstiltak for friluftsliv ved å gi Bokn idrettslag øyremerkte midlar til realisering av friluftslivsprosjektet "Bli kjent i Bokn kommune". Ei realisering her vil styrka samhaldet og ikkje minst innbyggjarane si helse. Bygdabladet vil koma tilbake til prosjektet.

Namnelista i postkasse-boka på toppen av Boknafjellet understreker tydeleg behovet for tilrettelegging for å få gå i naturen. Då underteikna var oppe den 10. august hadde dei to bøkene til saman fått heile 1.124 underskriftar.

Det er heller ikkje alle besøkande som skriv autografen i motivasjonsboka, særleg turistar. Kanskje eit nytt skilt ved bommen før oppstigninga kan for-

tella om kva folk kan gjera etter å ha gått dei 1.300 metrane opp til toppen.

Bygdekino

Eg har tidlegare skrive om bygdekino i auditoriet og tilretteleggingstiltak for dette. Prioritering av ubrukte midlar etter nybygget på skulen kom ikkje auditoriet til gode, men me vil likevel satsa på offentleg kino i rommet. Så får ting gå seg til etterkvart.

Kommunen er med på speleplanen til Bygdekinoen. Gå gjerne inn på www.bygdekinoen.no. Det vil bli visningar kvar måned framover, og viss dette blir godt besøkt blir det kvar 14. dag seinare. To filmar blir vist kvar gong, ein for barn/familie og ein for ungdom/vaksne. Billettprisane er kr. 30,- og 60,-

Viss alt går etter planen framover vil det bli kino første gong 12. september med "Den ville familien Thornberry" (familie) og "Bruce Almighty" (u/v).



Følg med på nettsidene til Bygdabladet og Bygdekinoen, og på plakattoppslag.

Cirkus Zorba kjem igjen!

Sirkusentusiastar kan glede seg til laurdag 16. august kl. 18.30.

Cirkus Zorba (bildet under) kjem i år med nytt program, som dei har fått glimrande kritikkar for.

Sirkusdirektør Thor Gujord seier på telefon at han gleder seg til gjensynet med det flotte publikummet i Bokn. Direktøren er svært nøgd med årets program, som er det største i sirkuset sin 12 årige historie. Han trekker spesielt fram innslag med kosakk-ryttarar og "Dødshjulet" 9 meter over bakken.




Gujord hugsar svært godt at heile 40% av boknarane var og såg førestillinga i fjor, og gir sjølv sagt også i år ut rabattbillettar. **Desse ligg i bladet.**

Kos deg med bladet, sirkus og framtidig bygdekino!

- redaktøren -





RDFØRAREN RDET

Vel overstått sommarferie og eg håpar alle har hatt ein god ferie.

Beklager at eg ikkje fekk tid til å skrive noko i forrige nr. av Bygdabladet, men eg får komme sterkare tilbake nå.

Tenesteyting og utgiftsreduksjon

Kommunestyret har behandla regnskap for 2002 og revidert budsjett for 2003. Administrasjonen har hatt ein god prosess med gjennomgang av drifta saman med dei tilsette sine representantar. Det var eit mål å prioritere tenesteyting til innbyggjarane og redusere utgiftsnivået på driftssida med ca. 0,5 mill. kr.

Gjennom overføring av ressurser frå administrasjon til teneste innan helse, sosial og kultur, inndragning av lønsmidlar, reduksjon av vaktar og vikarar, sal av aksjer og udisponert overskot er det avsett ca. 1,5 mill kroner til disposisjonfond og tilleggslyvingar. Eg håpar og trur at me som innbyggjarar ikkje vil merke endringane noko særleg. Eg vil og rette ein takk til dei tilsette som er med å brette opp armene og tar fatt i dei utfordringane me har.

Delar av innsparinga skal brukast til sommarjobb for ungdom, vedlikehald av kommunale bygg, avsette midlar til nytt UV anlegg på vannverket og vedlikehald/oljegrusing av kommunale vegar.

Det er og sett ned ei gruppe som skal planlegge nærmiljø og uteareala ved skulen, klubbhuset, barnehagen og Boknatun for å få eit heilhetleg og brukarvennleg område.

Ekspansjon og foreldrebetaling i barnehagen

Barnehagen har fått stor søknad om plassar og kommunestyret har derfor vedtatt å auke stillingshjemmelen med 0,28% frå 01.08.03 og med ytterligare 1,25% frå 01.01.04 for at alle som søker skal få plass.

Når det er klart kva kommunen får i ekstramidlar til drift av barnehagen vil me sjå på reduksjon av foreldrebetalinga som Storting og regjering har vedtatt.

Skulenybygget

Byggerekneskapet for utviding/nybygg på skulen og biblioteket viser ubrukte midlar på 144. 000,- av ei ramme på 16 mill. kr. Ubrukte midlar blei vedtatt brukt til stovav

trekk, benker og bord ute, hyller på biblioteket og IKT-utstyr.

Båtplassar

Det har vore eit prioritert arbeid å få til båtplassar i Bokn. I og med at arbeidet med molo og småbåthavn i Hålandsjøen, av ulike årsaker, ikkje er komme så langt som me håpa på, har Bokn Båtförening og Bokn Kommune (kystverket) inngått ein avtale om etablering av ei midlertidig småbåthavn i Knarholmen for å løyse problem med båtplassar nå, og med ein intensjon om på sikt å etablere ei småbåthavn i Hålandsjøen. Kommunen vil ta seg leige for bruk av områda i Knarholmen og leiga vil gå til å forbedra forholda for småbåtar i Bokn. Avtalen inneber og at fast bruk av kommunal kai for småbåtar ikkje kan skje, då kaiane er gjestekaier og forbeholdt besøkande, og det vil bli plass i Knarholmen. Gjestekaiane vil få skilting og ei oppgradering.

Val

Det nærmar seg kommuneval og Bokn skal også ved dette valet ha direkte val på ordførarar. Ved dette valet er det to ordførarkandidatar, undertegna og Kleng Våga, som stiller. Det er og dei vanlege partia, Høyre, Senterpartiet, Arbeiderpartiet og Kristeleg Folkeparti, som stiller liste med mange dyktige kandidatar. Det er viktig for demokratiet og representasjonen at flest mulig deltar, og eg oppfordrar alle til å bruke stemmeretten på valdagen.

Svein Ove



Barnehaugen ekspanderer stadig.



Val av kommunestyre og ordførar i Bokn

Gro Sørensen

15. september er dato for val av kommunestyre- og fylkesting for perioden 2003 – 2007.

Det skal også veljas ordførar for dei 4 neste åra. I Bokn skjer dette ved direkte val. Val av ordførar skal skje samstundes med kommunestyrevalet, enten ved førehandsrøysting frå 11. august 2003 eller på valdagen 15. september 2003.

Du kan førehandsrøysta i servicetorget frå kl. 09.00 til kl. 15.00 frå måndag 11. august til fredag 12. september. Alle veljarar i Bokn har fått tilsend valkort til bruk ved førehandsrøysting. Ta med valkortet dersom du vil røyste på førehand. Har du ikkje fått valkort eller har mista det, kan vi laga nytt på røystestaden, i Servicetorget.

På valdagen 15. september 2003 har vallokalet ope frå kl. 09.00 til kl. 20.00. Vallokalet i Bokn er Allrommet på Boknatun. Laurdag 6. sept. og sønd. 7. sept. er det anledning å stemme på Servicetorget frå 10.00 - 14.00.

Hugs å ta med legitimasjon.

Institusjonsval vil gå føre seg på Allrommet, Boknatun fredag 12. september frå kl. 10.00 til kl. 11.00.

Slik røystar du:

Vallov med forskrifter er noko endra frå førre val. Nå er det ikkje lenger lov til å stryke kandidatar på lista. Men du kan gi ein eller fleire kandidatar ei personrøyst (kumulere) ved å setja eit kryss i ruta til venstre for namnet til kandidaten du vil gi personrøyst. Dette vil auka sjansen for at vedkommande blir valt. Du kan også gi personrøyster til kandidatar frå andre lister. Dette gjer du ved å føre opp kandidatnamnet i feltet merka med "Kandidatar frå andre lister". Dersom du gjer dette, vil ei forholdsvis del av røysta bli overført til den andre lista.

Bruk svart penn eller blyant og skriv tydeleg.

Røystesetlane til kommunevalet er kvite, til fylkestingsvalet er dei blå.

Val av ordførar.

Ved val av ordførar skal du nytta eigen røystesetel som har rosa farge og røyste på den av kandidatane du ynskjer skal vera ordførar dei kommande 4 åra. Namnet på ordførarkandidatane står på røystesetelen og du røystar ved å setje eit kryss i ruta til venstre for kandidatane du vel. Ein kan ikkje røyste på andre kandidatar enn dei som står på røystesetelen.

Den av kandidatane som får flest røyster, er valt som ordførar. Dette føreset av at minst 50 % av dei som har røysta ved kommunevalet også har røysta på ein av ordførarkandidatane.

Du treng ikkje røysta på ordførarkandidat sjølv om du røystar ved kommunestyrevalet. Det er mogleg å røyste på ordførar sjølv om du ikkje røystar på kommunestyre eller fylkesting.

Når ein kjem inn i vallokalet og har blitt avkryssa i manntalet, vil ein bli vist til sjølv røysteavlukka der det personlege valet blir gjort. Før ein går ut av røysteavlukka skal røystesetelen/setlane brettast på midten med vallista inn i dokumentet slik at di røyst er hemmelig. Deretter tar du setelen/setlane med deg ut til røystemottakar som stemplar setelen/setlane. Du må sjølv legge røystesetlane i urna. Deretter skal vallokale forlatast.

Ein skal ved valet i haust ikkje bruke konvoluttar når ein røyster på valdagen.

Derimot skal ein nytte røystesetelkonvoluttar når ein røystar på førehand. Røystesetelkonvoluttar får ein på røystestaden når ein skal røyste på førehand.

Til slutt får ein ynskje alle eit godt val.

Ordførarkandidatar
Ved kommunestyrevalet 2003
i Bokn kommune

☐

Alvestad, Svein Ove, Høyre
Våga, Kleng Matias, Senterpartiet

☐

Du vel sjølv om du vil røyste ved ordførarvalet eller ikkje. Di røyst avgitt ved kommunestyrevalet blir ikkje forkasta, sjølv om du ikkje røystar ved ordførarvalet. Du kan og velje å berre røysta ved ordførarvalet.

Sett eit kryss i rubrikken framføre namnet på kandidaten du ønskjer å gje di røyst. Du kan berre krysse av eit namn. Andre endringar på røystesetelen blir sett bort frå.

Røystesetelen skal leggest i same røystesetelkonvolutt som førehandsrøyster til kommunestyre- og fylkestingsvalet, eller i samme urna som røystesetlar til kommunestyre- eller fylkestingsval på valtinget.

Døme på stemmesetel, ordførarval

Døme på stemmesetel

Namn på partiet Valliste ved kommunestyrevalet i Bogn 2003 Personrøyst (set kryss i rute ved kandidat) Listekandidatar	Set kryss i ruta ved ein kandidat for å gi ei personrøyst. Det er ikkje høve til å stryke kandidatar ved valet i år! Kandidatar frå andre lister (skriv STORE bokstavar som i dømet) <table border="1" style="width: 100%; border-collapse: collapse;"> <thead> <tr> <th style="text-align: left; padding: 5px;">FØRENAMN ETTERNAMN</th> <th style="text-align: left; padding: 5px;">Parti</th> </tr> </thead> <tbody> <tr><td style="height: 25px;"></td><td></td></tr> <tr><td style="height: 25px;"></td><td></td></tr> <tr><td style="height: 25px;"></td><td></td></tr> <tr><td style="height: 25px;"></td><td></td></tr> <tr><td style="height: 25px;"></td><td></td></tr> </tbody> </table>	FØRENAMN ETTERNAMN	Parti										
FØRENAMN ETTERNAMN	Parti												



* 1 1 4 5 0 3 1 *

NB! Brett røystesetelen med denne sida inn føre innlevering.
Sjå rettleiing på baksida.

Rettleiing for endring av valliste:

Du kan gi éin eller fleire kandidatar éi personrøyst ved å setje eit kryss i ruta til venstre for namnet. Dette aukar sjansen for at vedkommande blir vald.

Du kan òg gi personrøyster til kandidatlar frå andre lister. Det gjer du ved å føre opp kandidatnamnet i feltet merka "kandidatar frå andre lister". Dersom du gjer dette, vil ein forholdsvis del av røysta di bli overført til den andre lista

Du kan ikkje stryke kandidatar.

Eksempel på endring:

Personrøyst til ein kandidat på denne lista:

☒ 8. Ole Opprykk, 1946, Seljar, Håpet


Personrøyst til ein kandidat frå ei anna liste:

FØRENAMN	ETTERNAMN	Parti
----------	-----------	-------

Skriv namnet til kandidaten med STORE BOKSTAVAR.

Bruk svart penn eller blyant. Skriv tydeleg.

Brett vallista langs denne linja før du leverer den



Kva meiner dei ulike partia?

Camilla Holm Birkeland og Sophie Jansen Alvestad



Per Helge Sunde,
partileiar for Høyre



- Høyre fører ein politikk som tek omsyn til inntekter og utgifter, seier Per Helge.
- Ein økonomisk forsvarleg politikk.

Partiet prøver å ta vare på folk sine ynskjer og behov. Dei har ynskje om raskare saksbehandling, max 3 veker før ein får tilbakemelding frå kommunen.

Dei vil at boknarane skal vera stolte av Bokn og ynskjer å ta vare på næringslivet som finst.

Dei er eit seriøst parti som står for det dei seier. Dei har i den 4 årsperioden som Høyre har hatt ordførar t.d. fått bygd ny barnehage, bygd på skulen og sett i gong bygging av nye omsorgsbustadar.



Kleng Våga,
partileiar for Senterpartiet



- Senterpartiet har eit godt program som ivaretar Bokn i sentraliseringssamfunnet, meiner Kleng.

SP vil ikkje at Bokn skal vera ein utkant i ein stor regional haugalandskommune, men utvikla kommunen til noko meir. Difor er det viktig å oppretthalda Bokn som eigen kommune.

Partiet er for at folk, så langt som råd er, skal få bygga der dei vil.

Dei ynskjer å ta vare på næringa og næringsutviklinga på Bokn.

Dei er eit seriøst parti og det største på Bokn.



Sigmund Alvestad,
partileiar for Kristelig Folkeparti



- KrF tek omsyn til både det materielle og det andeleg, fortel Sigmund.

Dei er opptatt av god skule og god barnehage. Nøkkelen til eit godt lokalsamfunn er skule, helse og barnehage, og dei må bli tatt vare på, seier KrF-leiaren.

Han meiner det er viktig å sjå heilheita i ting og utnytte fordelane der det er mogleg.

Det er viktig at det kan bu folk spreidd ut over heile øya. - Me må vera aktive og positive til all bygdeutvikling og oppmuntra til nye produkt og tenester, oppfordrar partileiaren.

KrF tykkjer at det er viktig å ta vare på den dyrkbare marka me har på Bokn. Dei ynskjer å utvikle industrien på Bokn i ei retning som ikkje vil forureine unødvendig. -Det er viktig å samarbeida med andre kommunar innanfor jordbruk og utvikling av arbeidsplassar.



Birger Lindanger,
Arbeidarpartiet sin listetopp



Den raude tråden for Arbeidarpartiet er å skapa eit sterkt fellesskap, fortel Birger. Målet er eit samfunn med like sjansar for alle og særleg dei svakaste. For mykje av det som er eit samfunnsansvar, blir nå styrt av aksjeeigarar med eige utbytte som drivkraft.

I komande valperiode set Bokn Arbeidarparti i sentrum å sikra vilkåra for dei unge familiane. Det er dei som representerer bygdas framtid. Difor er det særleg skule, barnehage - med satsar på kr. 2500 månaden

- Bumiljø og gode møteplassar er område me vil satse på. Når det gjeld dei eldre, endrar dei seg med samfunnet til "moderne eldre" som stiller nye krav til møteplassar og tilbod enn tidlegare. Også dette er viktig å fylgja opp!

I Bokn har me i det heile eit livskraftig lokaldemokrati, seier listetoppen. Ved å sikra og å styrka dette i tett samarbeid med resten av Haugalandet, er det gode sjansar for vokster og trivsel i Bokn.

Spørsmål til dei ulike partia og ordførarkandidatane?

Veit du kven du skal stemma på 15. september?

Kanskje du godt kunne tenka deg å stilla lokalpolitikarane spørsmål nå når me går inn i den siste månaden før valet?

Desse karane er klare til å svara så godt dei kan,

på akkurat ditt spørsmål, i Bygdabladet.

Spørsmåla må kulturkontoret ha innan 29. august kl. 12.00.

Spørsmål og svar vil stå i neste nr. av bladet, som kjem ut i dagane før valet.

Namnet på spørjaren vil ikkje bli oppgitt.

- redaktøren -



Ordførarvalet 2003



Sophie Jansen Alvestad og Camilla Holm Birkeland

Valet og ordførarvalet nærmar seg, og Bygdabladet har tatt seg ein prat med dei to ordførarkandidatane, der me gav begge dei same spørsmåla. Kanskje desse artiklane vil hjelpa dei som er usikre på kven dei vil stemma på?

Kleng Våga

Kleng var ei kort stund medlem av kommunestyret i Rennesøy, i 1965, og er no leiar for Senterpartiet i Bokn. Han håpar veljarane stemmer på partiet, og ikkje på han som person. Kleng representerer eit parti som er opptatt av distriktet sine problem. I jobb-samanheng har han erfaring i å snakka med folk og lytta til kva dei er opptekne av.

Dei ulike seksjonane

Kleng vil at alle skal få barnehageplass og synest det er viktig å følgja prissettinga, og at ein fylgjer det Stortinget og styringsettet bestemmer.

Når det gjeld helse vil han føra vidare det gode tilbodet Bokn kommune har. Helsestell og sjukeheim vil han prioritera høgt.

Han vil bistå dei frivillige organisasjonane innan kultur og idrett, sånn at dei kan gjera som dei vil i det som engasjerer dei.

Henvendelsane til kommunen vil han at skal bli besvart i rimelig tid. Han tykkjer det er viktig at boknarane får den servicen dei forventar.

Når det gjeld skule og samanslåing av klassar meiner han at ein må ta omsyn til økonomien, men at dei første klassane får vera kvar for seg, slik at det ikkje blir så store klassar i byrjinga. Han håpar at Bokn får fleire innbyggjarar slik at klassane blir på normal størrelse (15-20 elevar).

Sosialt sett meiner Kleng at Bokn er i gode hender. Han føler at Bokn ligg bra i statistikken når det gjeld førebygging, og vil driva eit aktivt ungdomsarbeid.

- Det tekniske fungerer rimelig bra som det andre, synest Kleng.
- At alle får god oppbakking og service frå kommunen er viktig-

Når det gjeld bustadspolitikk tykkjer han at folk skal få lov å byggje der dei gjerne vil. Det treng ikkje nødvendigvis byggjast byggjefelt. Ein kan ikkje tilretteleggja byggjefelt viss folk ikkje er interesserte.

Markedsføring, miljø og næring

Bokn kommune jobbar interkommunalt med Karmøy, Haugesund og Tysvær. Han tykkjer at noko må vera regionalt, og synest Gismarvik er ein god plass. Kleng vil videreutvikla Knarholmen, og meiner at Bokn burde hatt eit sjørette serviceanlegg med tilhøyrande verkstad.

- Bokn har i dag mange båtar, men få plassar å driva oppfylgjing og service for dei.

Å marknadsføre Bokn er kostbart. Det er kostbart å få gjort noko som vil bli lagt merke til. Kleng vil marknadsføre fordelene til Bokn, at det er kort veg til sjø og vatn, og at me har fin natur.

Bokn har også lange strandlinjer, og han tykkjer me må få nytta hundremetersbeltet betre utan så sterke restriksjonar som det blir lagt opp til frå sentralt hald.

Det viktigaste for Kleng er å leva opp til det innbyggjarane vil ha, og leggja vekt på å lytta til dei forskjellige lag og organisasjonar. Han vil så langt som råd imøtekomma det dei ynskjer, og det aller viktigaste er å ha talerøyr og lytta til det folk vil få gjort.

Bokn er ein sentral plass når det gjeld kommunikasjon for dei som ynskjer å ligga sentralt til samstundes som dei har god tilgang til sjø og hei.

Veljarane kan stemme på Kleng fordi partiet har eit godt program, og han vil ta vare på næring og næringsutviklinga.

Svein Ove Alvestad

Svein Ove blei medlem i kommunestyret i Bokn i 1987, og har sidan den gong vorte meir og meir involvert i politikken. Han håpar folk synest han gjort ein god jobb som ordførar og vil bruke det som grunnlag når dei stemmer. Viss Svein Ove blir ordførar att håpar han at det er fordi folk kjenner han og det han står for.

Dei ulike seksjonane

Han vil framleis prøva å halda fram med full barnehagedekning. Det har blitt ei trend at fleire og fleire vil ha borna i barnehagen.

Utfordringa innan helsesektoren kjem til å bli å oppretthalda tilbodet slik det er no.

- Heimesjukepleia og ambulansen er ein god tryggleik for boknarane, den vil eg ha med vidare, seier Svein Ove.

Innan sosialseksjonen er det ei utfordring å få til eit godt tilbod for funksjonshemma, og få i gong aktivitetar for dei.

Svein Ove tykkjer det er viktig å fortsetta å satsa på barn og unge. Han meiner det har fungert godt og er fornøgd, men opplegget er avhengig av at ungdommen tar tak og samarbeider godt. Ein annan viktig ting for kulturlivet er større arrangement, som f. eks konsertar og besøk av forfattarar. Han tykkjer drivkrafta er lag og organisasjonar.

Servicetorget blir viktigare og viktigare, fordi ein stor del av kontakten mellom innbyggjarane og kommunen er der. Han vil at alle forespørslar skal vera velkomne og takast positivt med godt humør.

Når det gjeld skulen tykkjer han at så mange gjesteelevar som me har er ei utfordring for skulen og lokalsamfunnet, og det vil kreva mykje frå oss alle.

Samanslåing av klassar er noko han ser som ei sak som må skje utan at det skal gå noko ut over undervisninga.

- Vassverket er ikkje utbygd til alle og her er det muligheter for utviding, meiner Svein Ove. Han har lyst å få litt orden i hamna i Føresvik, sånn at det blir betre førsteinntrykk for turistar og besøkjande. Han vil også få orden på uteareala ved skulen, barnehagen og kommunehuset.

Markedsføring, miljø og næring

Han vil marknadsføre Bokns gode kvalitetar. Han ynskjer å skapa nye og fleire arbeidsplassar, gjennom

å utvikla og ta vare på bedriftane me har. Det er viktig at det er utvikling i regionen, fortel Svein Ove.

Utfordringa innan miljøpolitikk er å ta vare på Bokn sitt kulturlandskap, og passa på at det ikkje gror igjen. Han oppfordrar boknarane til å bruka dei fine områda me har langs sjøen, og håpar å få til fleire stiar på Bokn.


Det viktigaste for Svein Ove blir å oppretthalda drift og tenestar på det nivået me har no. Det blir nok vanskeleg med tanke på økonomien, men han vil satsa på det. Han trur Rogfast vil komma, og det vil føra til at Bokn blir meir sentralt.

Veljarane kan stemma på Svein Ove fordi han kan gjera noko for å få utvikling på Bokn, og er innstilt på å gjera ein god jobb.

Undersøking

Bygdabladet var på butikkane i perioden 28. juli - 7. august og spurde 28 stemmeberettigta boknarar i alderen 18 til 63 år:

1. Kjem til å stemma
2. Er klar over at det ikkje er lov å stryke listekandidatar
3. Er ikkje klar over at det ikkje er lov å stryke listekandidatar
4. Denne endringa (stryking) vil ikkje påvirke valdeltakinga
5. Har **ikkje** planar om å berre stemme i det direkte ordførarvalet
6. Har planar om å **berre** stemme i det direkte ordførarvalet
7. Veit ikkje om dei berre vil stemme i det direkte ordførarvalet
8. Trur Svein Ove Alvestad blir ny ordførar
9. Veit ikkje kven som blir ny ordførar



Eit apropos før valet:

Kommunestyret (heradstyret) for 50 år sidan:

Bokn heradstyre har hatt møte under leiing av ordførar Osm.S. Våge. M.a hadde ein desse saker føre:

- Rekneskapen for Bokn trygdekasse vart framlagt og godkjent.

- Osmund S. Våga vart vald til røystemottakar ved fyrehans røysting til stortingsvalet.

- Det vart løyvt det turvande til hus, ljøs og brenne vedkommande eit matlagingskurs.

- Der låg føre melding frå landbruksepartementet om at etternemda har fått statstilskot til vassanlegg: Lars Søndeland 120 kr., Bertine Hansen 125 kr., Julius Håland 250 kr. og Magnus Are 225 kr.

- Til husmorvikarnemd vart valde: Ingrid Ognøy, Herbjørg Kro og Berta Våge.

- Der låg føre spurnad frå styret for Bokn sparebank om Bokn kommune ynskte å leige rom i det påtenkte bankbygget. Det vart gjeve fråsegn om at Bokn kommune ynskjer å leige 3 rom (i det påtenkte bankbygg).

- Lærarane i heradet vart valde til

innsamlingsnemd for Indiahjelpa.

- Det låg føre eit protestskriv vedkommande hundeskatt og søknad om å få den ettergjeven for åra 1951 og 52.

Vedtak: Hundeskatten for 1951 og 52, kr.50 pr. dyr og år skal inndrivast. Hundeskatten for 1953 og inntil vidare vert sett til kr. 10 pr. år.

- Ein søkjar fekk heradskatten nedsett med kr. 120.

- Det låg føre skriv frå vegsjefen i Rogaland med plan og kostnadsoverslag vedkommande veg på Ognøy. Vegen er 450 m lang og kostnadsrekna til 33.000 kr. Det vart gjort vedtak om bygging av denne vegen.

- Etternemde organisasjonar fekk pengetilskot: Vanføre sitt hus i Stavanger kr. 25, Rogaland Skogselskap 100 kr., Ny Jord 50 kr., Vestlanske Blindeforbund 25 kr., D.N.T. 25 kr., og Museums og Historielaget 50 kr.

- Der låg føre eit protestskriv Hjemmet for døve 25 kr., Rogaland Historielag 50 kr., Landsforeningen mot kreft 25 kr., Røde Kors 25 kr.

Haugesunds Avis 21. mai 1953

Kulturmidlar 2003

Bokn driftsstyre fordelte i møte 10. juni årets kulturmidlar til 15 søkjarar.

Aktivitetar for barn og unge, musikk og idrett med vekt på aktivitetsnivå, medlemstal og årlege utgifter blei prioriterte.

Kr. 82.000 blei fordelte slik:

Bokn barnekor	kr. 4.000
Bokn bedehus	kr. 2.000
Bokn båtforening	kr. 2.000
Bokn danse- og ungdomslag	kr. 1.500
Bokn hagelag	kr. 1.000
Bokn historielag	kr. 1.000
Bokn idrettslag	kr. 15.000
Bokn KFUK/-M	kr. 10.000
Bokn musikkorps	kr. 10.000
Bokn ride-køyrekl.	kr. 11.500
Bokn Røde Kors	kr. 10.000
Bokn skyttarlag	kr. 6.000
Bokn søndagsskule	kr. 2.000
Bokn vevstove	kr. 1.000
Lanux - Bokn dataklubb	kr. 5.000

Samanlikna med i fjor:

Barnekoret og Bokn ride- og kjøreklubb får ei auke.

Idrettslaget og Sundagsskulen får reduksjon. Lanux dataklubb får det dei søkjer medan Historielaget får oppstartingsstønad.

Dei øvrige ni laga får det same som i fjor.

§ 7 - støtte til eit spesielt tiltak

Det var nytt i år at inntil kr. 10.000 kunne delast ut til spesielle tiltak.

Blant seks søknader valde Driftsstyret å gi Bokn idrettslag kr. 8.000 øyremarka midlar til realisering av friluftslivsprosjektet "Bli kjent i Bokn kommune".



Ordet fritt!



Bosscontainer

Som hytteeier opplever vi at "vår" bosscontainer i Straumen fylles fort opp. Dette gjelder spesielt i ferietiden som vi nå nettopp har lagt bak oss.

Det burde vel la seg gjøre å tømme disse containerne oftere slik at disse ikke blir overfylt, noe som resulterer i at bosset "flyter".

En annen ting er at disse containerne vel er for oss hytteeiere og ikke for fastboende???

Jeg bare spør!!!

Hilsen hytteeier!

Kommentar frå teknisk seksjon

Å auke tømmehyppigheita på hyttecontainerane blir eit spørsmål om auka utgifter som skal dekkjast inn. På sikt vil dette resultere i auka renovasjonsavgifter.

Med bakgrunn i spørsmål om overfylte hyttecontainerar i ferietider, har teknisk bedt om at hyttecontaineren i Straumen blir tømd både måndagar og torsdagar i sommarmånadene juni, juli og august.

Det stemmer at søppelcontainerane er for hyttefolk, men det er vanskeleg å unngå at også andre bruker dei.

Helsing teknisk



Ferskvannets år 2003

- Gir livet næring -

Ferskvannsåret er ein invitasjon til internasjonal, nasjonal og lokal dugnad for å høyne bevisstskapen om kor viktig det er å beskytte, bruke og handtere ferskvassressursane på ein bærekraftig måte. For å setje fokus på betydninga av å beskytte og forvalte ferskvatn, har FNs generalforsamling erklært 2003 som "Det internasjonale året for ferskvann".

Utan vatn hadde det ikkje eksistert liv på jorda. Alle planter, dyr og menneske er avhengige av dette grunnleggjande stoffet for å leve. Ferskvannssressursar i verda i dag truar overforbruk og utslipp frå jordbruk og industri. I mange land brukast det meir ferskvatn enn naturen kan bringe tilbake. Fleire land opplever stadig at saltvatn trenger seg inn i grunnvatnet og at forureina vatn spreier sjukdom og smitte. Viss dagens utvikling fortsetter å vekse vil 1.6 milliardar menneske mangle reint drikkevatt i 2015 og ein rekke område i verda vil oppleve kritisk vassmangel.

Noreg har eit av verdas høgaste vassforbruk per innbyggjar. Kvar dag bruker ein nordmann i gjennomsnitt 230 liter vann til personlig forbruk som matlaging, drikke,

hygiene og klesvask. 1700 vassverk i Noreg sørgar for at vi får levert vann gjennom kraner både innandørs og utanandørs, kvar einaste dag.

Vatn er ein livsviktig ressurs, både økonomisk, sosialt og økologisk. Verden står overfor store utfordringar knytta til ferskvann.

Til samanlikning bruker ein person i et utviklingsland cirka 10 liter vann per dag, og dette vannet må ofte hentast kilometervis unna husholdinga der det skal brukast.

Har du tenkt på at vi som regel bruker drikkevann av ypparste kvalitet til å skylda ned i do eller vatne i hagen? Eller at vannet du kjøpar på flaske er 1000 gonger dyrare pr liter enn vannet du tappar frå springen?

Samanlikna med andre land har vi både mykje og reint vatn her i landet, med eit rikt biologisk mangfald. Vi kjenner til om lag 5.000 artar som lever i ferskvann i Noreg.

Men også i Noreg er vassmiljøet utsett for ein rekke truslar. Miljøverndepartementet ser derfor beskyttelsen av våre vanndrag som ein veldig viktig oppgave, og vil gi dette arbeidet særlig fokus i det internasjonale ferskvannsåret. Det blir lagt opp til ein rekke arrangement både nasjonalt og internasjonalt for å markere FNs Ferskvannsåret 2003.

Kjelde: NVE

Sommarferie?

Kjell Frode Lie

Medan enkelte nyt den varme fine sommaren, er andre aktive som berre det. Me i Bokn Røde Kors har iallfall nok å henga fingrane i.

Pinseleiren

I pinsen blei den årevisse Pinseleiren avvikla på Karmøy Folkehøgskule, Utgarden. Om dette var før sommaren, gav det fine veret reine sommarstemninga. Sidan me bur "uti havet", var det naturleg med kursing i vassredning. Dette var eit B- kurs, altså nivået over det som blei arrangert på Bokn i mars. Sjølv om nokre blei vel våte til tider, var det ingenting å seia på innsatsen til dei 6 frå Bokn. Kurset tok for seg relaterte emne som nedkjøling, navigasjon, ulike typar søk og behandling av båt. Nattseilassen rundt Ognøy falt godt i smak hos alle. Når helga var over, var alle klar for å krype godt under dyna i håp om å få litt søvn....

Sosial tur til Romsa


Helga etter var det sosial tur til Romsa, ei øy utanfor Bjoa. Her var aktivitetane varierte som t.d. leiteaksjon, grilling, vannkikøyring,

Torgdagen (marknadsdagen i Alvestad-kroken)

Torgdagen blei det aktivitet av ulike slag. Spørjekonkurransen såg ut til å slå bra an sidan nær 100 personar svara. Den heldige vinnaren blei Villy Solvang. Han får eitt års medlemskap gratis, og informasjon om aktivitetar som skjer det kommande året. Det blei og arrangert første-hjelp for dei yngste. Alle som deltok fekk ein is. Planen var og vannski, men ingen meldte si interesse....kanskje folk flest ikkje var heilt klar til å ta det på sparket.

Riving av bedehus på Hagland

Så var det sommarens største prosjekt. Riving av Hagland bedehus. Huset var ikkje i bruk, så styret vedtok å riva det sidan ingen ville ha huset til andre formål. Grunnen til Bokn Røde Kors påtok seg å riva huset, var at me fekk inventaret. Her var blant anna 45 stolar, 10 bord, kjøkeninnreiing, vedovn, oljefyr og sist men ikkje minst masse ved. Huset var nemlig tømra. Frå huset stod på sin gode grunnmur til det var nede, gjekk det berre ei veke og to helgar.



F.v: Susanne Wahl, Sveinung Sæbø, John Øvrebø og Oddbjørn Almås.



Her er dei i full gang med å rive bedrehuset på Hagland.

baderingkøyring, avslapping, fiskeing og anna sosialt. Sikkert er det at dei som var med, vil atende neste år.

Vakt i Haugesund

Påfølgande helg var heller ikkje utan aktivitet. Då var me vakt i Haugesund på HIL sin halvmaraton. Me hadde folk ståande på postar i løypa og bemanna i tillegg ein ambulanse som køyrde bak feltet. Heldigvis gjekk alt fint.

Dugnadsinnsatsen var enorm. Alle tok i eit tak og fekk jobben gjort. Huset er lagra tørt i eit nedlagt drivhus på Hagland inntil me får opp pipe og vedfyr på Hognaland, som er ein del av neste prosjekt i tillegg til å skifte tak, lage hems, sanitæranlegg, garasje...ja me blir ikkje arbeidsledige.

Grøne tips - for helse & miljø

Avgrens bilkøyringa


Kor ofte treng du eigentleg bilen? Kan du f. eks. nytte buss eller tog i staden for? Kanskje du kan gå saman med naboar og organisera kameratkøyring til arbeid eller fritidsaktivitetar? Eller delta i ein organisert biledeleordning?

Korleis?

- Køyr kollektivt til og frå jobb viss du kan.
- Organiser kameratkøyring til jobb og/eller fritidsaktivitetar.
- Bruk sykkel eller beina på korte strekningar.
- Skal du reise innanfor ein stor norsk by, vil du kunne koma deg kvar som helst med eit eller anna kollektivt transportmiddel. Heilt sant!
- I dei fleste store byar i Noreg fins det biledeleordningar, der ein går saman med andre om innkjøp av bilar som ein kan bruke når ein treng det.
- Bur du i by? Hugs at taxien slepp DU å parkera. I følge Oslo taxi kostar ein tur mellom 10 og 15 kroner/km, avhengig av vekedag og tid på døgnet, pluss frammøte tillegg.

Kvifor?

- Mindre bilkøyring = mindre bensinbruk = pengar spart!
- Mindre bensinbruk = mindre forureining!
- Mindre bilkøyring tyder mindre vegslitasje. Dette betyr igjen mindre svevestøv i lufta, som er et stort problem for bl.a. astmatikarar, born med luftvegsinfeksjonar, eldre og folk med hjarte- og karsjukdommar.
- Katalysator reduserer utsleppa kraftig, men han verkar fyrst når motoren er varm. Dermed forureinar bilen mest dei første kilometrane, og meir i kaldt enn i varmt vêr.
- Gitt at bilen din brukar 0,5 liter bensin på mila. Gitt at bensinprisen er 10 kr. per liter, at du pendlar til jobben, og pendlinga tilsvarende 10.000 km på eit år. Det gir 5.000 kr. i bensinutgifter på et år. Kjør saman med ein kamerat, del bensinutgiftene, og du sparar 2500 kroner!



Helse i kvart tråkk

Vel sykkel – eller gå – når det er mogleg!

Visste du at når du sykklar får du:

- Betre søvn
- Betre evne til å meistra stress
- Mindre risiko for blodpropp og slag
- Mindre risiko for høgt blodtrykk
- Mindre risiko for kreft
- Langsammare aldring
- Mindre risiko for sukkersjuke
- Betre blodsirkulasjon
- Betre feittstoffskifte og kolesterol-samansetning
- Lettare å halde riktig kroppsvekt
- Mindre risiko for beinskjørleik
- Sterkare muskulatur
- Betre sener, band og leddfunksjon
- Større overskot og meir trivsel
- Betre mage og tarmfunksjon
- Betre lungefunksjon og sterkare hjarta
- Sterkt redusert risiko for hjarte- og karsjukdommar
- Auka arbeidskapasitet



“Grønn hverdag” har undersøkt innhaldet i 40 sjampoar på den norske marknaden. Dei fann både tungt nedbrytelige miljøgifter og mistenkte hormonhermarar. Men dei fann òg sjampoar som er gode miljøval.

BEST

Urtekram Rasul Shampoo, kan kjøpast på helsekostbutikkar, dei fann ingen miljøbelastande stoff.

NEST BEST

Derma Svaneshampoo, kan kjøpast i spesial butikkar, inneheld stoff som er miljøbelastande.

DÅRLEGAST

Natusan pH5.5 Shampoo Normalt hår, Johnson&Johnson, kan kjøpast i daglegvare-butikkar, inneheld stoff med høg miljøfarlig leik.

Bokn farvel

Et hjertens sukk, et gråtkvalt farvel
Nå forlater jeg dere, mitt liv er på hell
Mitt liv på øyen, blant venner og kjente
Kun mine tapre lunger vil dere møte igjen

Jeg har pakket sakene, er klar til å reise
Men før jeg drar, vil jeg dere skal vite dette

Da jeg kom var jeg rådløs, uten idealer
Når jeg drar er jeg bitter, men har mange idealer
Jeg har samlet sammen litt fra enhver
og satt dem sammen, som mal for fortsettelsen

Jeg tror nok ikke at jeg tilbake kommer
Men vit dette, her har jeg hatt min beste sommer

Øyvind Børgesen

Kollisjon

Det e fredag måren.
Eg e på vei te jobb.
Som så mange gonger før.
07.20 smelle det.
I ein sving på Knapphus.
Eg ser at eg blør.

Eg vett ikkje ka som har skjedd.
Eg e forvirra og redd.
Ein masse fremmanes folk dukke opp.
Bilen min e knust.
Eg får intravenøst.
Brannvesenet skjere bilen opp.

Eg blir lagt på båra.
Di fyge meg i helikopter.
Eg ska på sykehus.
Ka e det så skjer?
Eg vil ikkje dette.
Alt e bare bråk og sus.

Så fort kan det skje.
Alt blir forandra.
Eg forsto ikkje ein ting.
Eg e skamslått,
og oppskrapt overalt.
Men har ikkje brukke någen ting.

Eg forstår ennå ikkje heilt.
Ka det e eg har vore ude for.
Men vett eg har gitt mången ein støkk.
Bilen min e tapt.
Og kroppen min har fått seg,
ein dualige trøkk.

Takk te adle dokke,
som sendte sine tankar,
te meg og mine denne dagen.
Ikkje visste eg,
at eg sko komma på nyhedene
denne forbaskade fredagen.

Linda Kro

Høstrengjøring

Eg sko så gjerne konna reist (litt) tilbake i tid
eg tenke ofta på ka eg sko gjort og burde si
Drømmene forfølge meg på både godt og ondt
de kjøre slalom inni håvet og kverne ront og ront

Men kor sko eg begynna når tankane e mange
eg greip papir og blyant men listå blei så lange
Eg strøyk for harda livet men stadig nye minner kom te
reisen blei skrinlagt og kanskje va det ei meining i det

For alt som er sagt og gjort kan ikkje forandras
eg står her heilt aleina og ingen andre kan klandras
Du har fått med ein ballast av livet minner du tar med
om de gir deg glede eller sorg så må du leva med det

Tro

hvorfor er det vanskelig å leve livet i det fri
jeg trodde virkelig den gamle tiden var forbi
rundt meg ser jeg krig og nød hat og uforstand
mennesket har tapt sin kraft men lever livet som det kan

legg bort alt det gamle hat la kjærligheten rå
har du indre styrke finnes ingen grenser du kan nå
livet det skal være en lek en søken etter ro
gleden burde styre uansett din indre tro

Kjetil Hamre

Fargespill

Jeg løper i solregn
Det faller fra mørke glassruter der oppe
De sier det er himmelens tegn
At jeg vil gå gjennom glovarm ild
Vandre i flammene med et tidløst smil
Først da kan jeg være med i ditt fargespill

Jeg faller foran evighetens port
Blir forhekset av fuglenes sang i moll
Lyset gnistrer til og jeg blir tatt bort
Hviskingene mellom trærne er alt jeg hører
Men lyden er der og kan sees
Og jeg blir i ett med mørkets dører

Frykten danser mellom lyset og skyggene
Redselen tar tak i meg og brenner seg inn i huden
Jeg blir slått av ondskapen og blir liggende
Går gjennom flammer og gamle minner
Plutselig kan jeg se en stor glede
Solen strekker seg ut og regnet forsvinner

Så idet solstrålene blir forvandlet til stjerner som
brenner
Finner jeg broen og blir med i en magisk drøm
Flygende i en fortryllende sang som en søvn i mine
hender
Jeg er fri og vet jeg hører til
Porten åpnes og jeg blir dratt inn
Først nå kan jeg være med i ditt fargespill

Camilla Holm Birkeland

KULTURKALENDEREN

- nye arrangement/ forandringar blir utheva kvar gong -

Daglege oppdateringar
i nettutgåva.

AUGUST

- 17. BORK, Distanseritt på Ognøy
- 18. Oppstart ridekurs, arr. BORK
- 24. Gudsteneste kl. 11.00/Bedehusets dag kl. 13.00
- 28. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
- 30. Dans på skulen - arr. Bokn Røde Kors
- 31. NMS har fest på Bedehuset kl. 19.00

SEPTEMBER

- 05. ABR-senteret på Bedehuset kl. 19.30
- 06. Horseparty på Idrettshuset, arr. BORK.
Påmeld. 90 85 42 29 - 52 77 72 38
- 07. Gudsteneste kl. 11.00
- 07. Søndagsridning på Ognøy, arr. BORK kl. 14 - 16
- 14. Bokn søndagsskule, Bedehuset kl. 10.30 - 11.15
- 14. NML på Bedehuset kl. 19.30
- 18. Bingo kl. 19.00, arr. Bokn musikkorps
- 21. Frelsesarmeen har kaffimøte på Bedehuset kl. 15.00
- 24. Alpha på Bedehuset
- 25. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
- 28. Gudsteneste kl. 15.00, hausttakkefest

OKTOBER

- 01. Alpha på Bedehuset
- 01. Eldredagen: fest for eldre på skulen
- 04. Seminar Bokn musikkorps' vaksenkorps, Bokn skule
kl. 09.00 - 17.00
- 05. Gudsteneste kl. 11.00
- 05. Søndagsridning på Ognøy kl. 14 - 16, arr. BORK
- Veke 41 Haustferie på skulen
- 08. Indre Sjømannsmisjon, basar kl. 19.30
- 12. Bokn søndagsskule, Bedehuset kl. 10.30 - 11.15
- 12. NMS på Bedehuset kl. 19.30
- 18. Auksjon på skulen, arr. Bokn musikkorps
- 18. Dans på skulen, arr. BIL
- 19. Gudsteneste kl. 11.00
- 22. Alpha på Bedehuset
- 23. "Operasjon Dagsverk" for skuleelevar
- 24. Kulturkveld om Petter Dass på Bedehuset kl. 19.00
- 24.-
- 26. Tur til "Oslo Horse Show", arr. BORK

- 26. Bokn søndagsskule, Bedehuset kl. 10.30 - 11.15
- 26. Bingo, arr. BIL
- 30. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30

NOVEMBER

- 02. Gudsteneste kl. 11.00
- 02. Søndagsridning på Ognøy, arr. BORK kl. 14 - 16
- 04. Speidaaropptak på Bedehuset kl. 18.00
- 05. Alpha på Bedehuset
- 07. ABR-senteret har utlodning på Bedehuset kl. 19.00
- 07.-
- 09. Seminar Bokn musikkorps' juniorkorps og aspirantar, skulen
- 09. Bokn søndagsskule, Bedehuset kl. 10.30 - 11.15
- 13. Israelsmisjonen på Bedehuset kl. 19.30
- 16. Gudsteneste kl. 15.00
- 19. Alpha på Bedehuset
- 21. Bedehusbasar kl. 19.30
- 23. Bokn søndagsskule, Bedehuset kl. 10.30 - 11.15
- 23. Normisjon på Bedehuset kl. 19.30
- 27. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
- 27. Julebingo, arr. Bokn musikkorps
- 29. Seminar Bokn musikkorps' vaksenkorps, Bokn skule
kl. 09.00 - 17.00
- 30. Gudsteneste kl. 19.00

DESEMBER

- 02. Speidaravslutning på skulen kl. 18.00
- 03. Alpha på Bedehuset
- 07. Bokn søndagsskule, Bedehuset kl. 10.30 - 11.15
- 07. Jul i stallen på Håland, arr. BORK
- 14. Gudsteneste kl. 11.00
- 14. Luciafest, arr. Bokn musikkorps
- Veke 51 Ikkje utleige i gymsalen
- 18. Juleavslutning på skulen
- 21. Søndagsskulens juletreffest, Bedehuset kl. 15.00
- 24. Gudsteneste kl. 14.30
- 26. Gudsteneste kl. 11.00
- 28. Juletreffest på Bedehuset kl. 15.00
- 31. Gudsteneste kl. 16.00

GYMSALTIMEPLAN, KVELD

DAG	AKTIVITET	KL.	ANSVARLEG
Mån	Bokn musikkorps Fotball 11-12 år Bokn Musikkorps Bokn Musikkorps	15.30 - 16.30 16.30 - 18.00 17.45 - 19.45 20.00 - 22.00	Oddrun Nilssen Gunnar Bokneberg Lillian Grønnestad Dagny Kjellesvik
Tys	Aerobic	21.00 - 22.30	June Kro
Ons	Fotball 8-9 år	17.00 - 18.00	Artur Trosnavåg
Tor	Barnetrim Volleyball, vaksne	16.00 - 16.45 20.00 - 22.00	Torny Rossebø Atle Jøsang
Fre	Volleyball, ungdom Fotball	16.30 - 18.00 19.00 - 20.30	Tove Hognaland Gunnar Solberg

Arsvågen

Nye leigetakarar har tatt over Statens vegvesen si ferjekro i Arsvågen. Denne gong er det ein kokk og fire bønder som skal driva med kro og gardsmat. Boknaren Jan Are er blant desse.

Utsalet skal starta i november, og dei skal tilby skotsk storfekjøtt, lokale pølser og sjømat.

Det skal vera eit gardsmat-utsal ved sida av kaféen, og selskapslokaler i andre etasje.

Kjelde: Nrk Rogaland



Bokn kommune

Årsmelding for 2002 – kortversjon

I budsjettet for år 2002 vart det i særleg grad fokusert på målsettingar om å

- styrka oppvekstvilkår for born og unge
- leggja til rette for etablering av unge familiar
- marknadsføra kommunen som ein god stad for busetting og etablering
- ferdigstillar og setta i verk planar for funksjonshemma
- skapa eit differensiert omsorgstilbod
- driva ein aktiv næringspolitikk
- delta aktivt i regionalt samarbeid

Det vart også ein del store investeringar som:

- ferdigstilling av skulebygg og nytt bibliotek (16 mill)
- bygging av omsorgsbustader, oppstart. (12. mill)
- ferdigstilling av vassledning til Våga
- kloakksanering i Alvestadkroken
- moloanlegg Hålandsjøen
- rehabilitering Kyrkjebygg
- kjøp av aksjar i Haugaland Næringspark (kr. 0,5 mill)
- kjøp av grunn og tilrettelegging av næringsområde for Bokn Plast a.s (5,3 mill)

Rekneskapen for 2002 viser at Bokn kommune har ei økonomisk handlefridom som gjer at me i all hovudsak kan dekke dei behov innbyggjarane har, både ut frå objektive kriterium, nasjonale standardar og etter-spørsel internt i kommunen.

BEFOLKNINGSUTVIKLING I BOKN 1997 - 2002

ÅR	1997	1998	1999	2000	2001	2002
Fødde	9	9	14	10	9	
Døde	9	10	6	10	12	
Innflytting	22	15	35	33	27	
Utflytting	20	35	9	27	51	
Bef. vekst	2	-21	34	6	-27	
Sum innbyggjarar	773	752	786	792	765	765

Ved årsskifte 2002/2003 var folketalet på Bokn 765 personar, dvs. det same som for året 2001. Dette vil seie at den negative tendensen ei såg i 2001 no ser ut til å ha stoppa opp. Med kommunen sin sentrale beliggenhet i Rogaland, korte avstandar til arbeidsmarknader i sør og nord, nye planlagde vegsamband både til Stavanger og Karmøy trur ein likevel Bokn kommune på sikt vil få ein positiv befolkningsutvikling.

Inntekter og utgifter 2002


Rekneskap 2001

Driftsinntekter	43 255 688
Driftsutg. ekskl. avskriv	-38 260 493
Netto finansutgifter	-408 770
Bruk av fond	3 598 074
Overført til investeringsbudsjettet	-6 315 495
Overskot	1 869 005


Rekneskap 2002

Driftsinntekter	44 201 660
Driftsutg. ekskl. avskriv	-43 135 817
Netto finansutgifter	-1 315 817
Bruk av fond	2 710 210
Overført til investeringsbudsjettet	-2 275 009
Overskot	185 520

Netto driftsutgifter fordelt på teneste



Kommunen sine inntekter



Andre økonomiske tal

(Tal i heile 1000)	2001	2002
Kommunal langsiktig lånegjeld	24 996	38 114
Lånegjeld pr. innbyggjar	32	50
Kortsiktig gjeld	8 752	10 015
Eigenkapital	62 553	*56 134
Brutto investeringsutgifter	7 536	19 728
Haugaland Kraft (utlånt)	5 910	5 910
Haugaland Kraft (aksjer)	2 160	2 160
Andre aksjer	1 180	1 680

*) Eigenkapitalen er redusert på grunn av avskrivningar av bygg og anlegg som vart innført i 2001.

Andre nøkkeltal

	2001	2002
Elevtal i skulen	107	114
Barn i skulefritidsordning	21	26
Elevar i musikkskole inkl.korpsaspirantar	27	24
Personar med støttekontakt/avlastning	15	15
Heimehjelpsbrukarar	19	19
Bebuarar i sjukeheim	19	21
Antall døgnopphald i sjukeheim	3356	3242
Personar med støttekontakt/avlastning	15	15
Saker økonomisk sosialhjelp	12	9
Antal utlån bibliotek	7347	8554
Abonnentar Bygdablad	575	582
Besøk museum	78	26
Kulturarrangement (barn / voksne)	5	7
Brannøvingar/utrykning	14	16
Byggesaker	-	20
Kommunale leiligheter og hyblar	23	23
Trafikkuhell	3	0
Km. Kommunale vegar	17,9	17,9
Antall veglys	194	196
Heile stillingar (årsverk) i kommunal teneste	63,42	65,5

POLITISK LEIING 2002

ADMINISTRASJON

Ordfører:	Svein Ove Alvestad (H)	Rådmann:	Jan Erik Nygaard
Varaordfører:	Arne Hosaas (Ap)	Kommunerevisor:	Indre Haugaland kommunerevisjon.
		Økonomisjef:	Solrunn Alvestad
Formannskap:	Svein Ove Alvestad (H)		
	Åse Bratthammer (SP)	Seksjonssjef skule:	Dag Halvorsen
	Leif Vatnaland (SP)		
	Arne Hosaas (AP)	Seksjonssjef sosial:	Reidar Alvestad
	Tor Harald Alvestad (KrF)	Seksjonssjef helse:	Gunn Grønnestad
Administrasjonsutvalet:			
Leiar:	Svein Ove Alvestad (H)	Seksjonssjef teknisk:	
		Brannsjef:	Hans Faye
Forvaltningsstyret:			
Leiar:	Kleng Mathias Våga (SP)	Seksjonssjef kultur:	Jardar Havikbotn
Driftsstyret:			
Leiar:	Sigrunn Hole Hosaas (SP)	Seksjonsjef barnehage:	Jarle Haakonseth/ Inger Grete Wiken
Kontrollutvalet:		Seksjonsjef servicetorg:	Gro A. Sørensen
Leiar:	Birger Lindanger (AP)		
Kommunestyre:		Formannskap:	
7 møter		10 møter	
62 saker		65 saker	
Forvaltningsstyre:		Driftsstyre:	
5 møter		8 møter	
52 saker		40 saker	

Ser lyst på framtida

Camilla H. Birkeland & Sophie J. Alvestad



IDYLL: Landhandelen og Sjøhuset i Alvestadkroken.



TRIVST PÅ KAIEN: Steinar Alvestad i maritimt prat med Arild Ognøy.

Folk ved landhandelen og Sjøhuset i Alvestadkroken er optimistar med tanke på framtida.

Alvestadkroken landhandel

Per Våge tok over butikken for snart eit halvt år sidan. Sjølv tykkjer han at det har gått greitt og at det har gått som forventet. Han har fått god hjelp når det har vore mykje arbeid, og meiner han har klart å ta tak der dei andre slapp. Han ser for seg at landhandelen kan bestå i mange år framover, så lenge folk støttar opp om butikken.

Tippinga har gått veldig bra, og det er han fornøgd med. Statistikkar fortel at krambua ligg heilt i toppen i Nord-Rogaland. - Me håpar det går likeeins med butikken.

1. august var ein nygammel disk på plass i butikken. Per fortel at denne er installert for å ta imot den nye dataterminalen som snart skal inn i butikken. Då blir dei m.a. kobla opp til "Norgesgruppen" og ting blir effektiviserte, alt frå prising av varer til dagsoppgjer i kassa. Ny betalingsterminal skal også på plass, og ikkje minst ny tippeterminal i oktober.

Medarbeidarar

Blant fleire medarbeidarar er Randi Nilssen. Ho har jobba i landhandelen sidan oktober i fjor. Ho gjer dei vanlege oppgåvene som må gjerast. Ho tykkjer Per driv butikken nokså likt som dei tidligare sjefane, Tor Harald Alvestad og Marit Øvrebø.

- Eg er glad i jobben min og synest det er kjekt å



FAST KUNDE: Sverre Bryningsland testar den nye disken 1. august.

møta kjende og ukjende.


Eigarskifte på Sjøhuset

Vegg i vegg med Alvestadkroken Landhandel ligg Sjøhuset, som nå har fått nye eigarar. Åse Helen Alvestad og Espen Alvestad vil driva det likt som før, men vil retta seg meir mot bedrifter. Dei får god hjelp av "Destinasjon Haugalandet", og det er dei som hjelper til med å marknadsføre Sjøhuset til bedrifter. Sjøhuset leverer også smørbrød og leiger ut til kurs og konferansar. Ei heimeside på Internett skal dei også laga.

Åse Helen tykkjer at det har vore spanande og kjekt å ta over Sjøhuset, og ho har vore med sidan byrjinga. Å ordna til selskap er noko ho alltid har likt å gjera.

I familien

Steinar Alvestad, som dreiv landhandelen frå 1961 til 1998 og restaurerte Sjøhuset i 1992 - 1994 og som er far til Espen, er glad for at Sjøhuset framleis er i familien, og trivst godt med situasjonen. Både han og Ingebjørg tar eit tak i bedrifta når det trengst. Steinar forsyner også Sjøhuset med fisk og krabbe.



OPTIMISTAR: Fv. Per Våge, Åse Helen Alvestad og Randi Nilssen.



HELSESEKSJONEN
INFORMERER



Unge boknarar!

HELSESTASJONEN FOR
UNGDOM I HAUGESUND

**Unge boknarar i aldersgruppa
13 – 20 år kan nytta Helsesta-
sjonen for ungdom i
Markedet, Haugesund.**

Bokn har i fleire år deltatt i eit samarbeid om dette tilbodet, men besøkstala frå unge boknarar har avteke. Nye årskull er komne til i brukargruppa sidan sist vi orienterte om dette, derfor gjentek vi:

Helsestasjonen er eit tilbod til unge mellom 13 og 20 år, som treng nokon å rådføra seg med, eller hjelp til problem som kjennast vanskelege å samtala med dei næraste til.

Du vil finna lege, helsesøster og psykolog der, og desse personane har god erfaring i å hjelpe unge med deira problemstillingar.

Dei har sjølv sagt teieplikt i arbeidet sitt, så det du tar opp vil ikkje andre få kjennskap til. Kommunen får mellombels ein rapport om kor mange frå Bokn som har nytta tilbodet, og type årsak til henvendingane.

**Helsestasjonens opningstider
frå skulestart i haust :**

**Måndag og torsdag
kl. 15.00 – 17.00**

**Treng du meir informasjon om
dette tilbodet, kan du ta
kontakt med Gunn på tlf.
52 75 25 34 - 98 22 15 03**

Noe å tenke på


Det var et viktig arbeid som skulle gjøres, og Alle var sikker på at Noen skulle gjøre det.

Enhver kunne ha gjort det, men Ingen gjorde det.

Noen ble sinte på grunn av dette, for det var Alles jobb.

Alle trodde Enhver kunne utføre det, men Ingen forsto at Alle ikke ville gjøre det.

Det endte med at Alle bebreidet Noen da Ingen gjorde hva Enhver kunne ha gjort.



Me gratulerer!

Bygdabladet presenterer små og store jubilarer.

Send inn papirbilde eller digitalt bilde på e-post saman med ein liten tekst til:

gratulerer@bygdabladet.no

Raymond Hognaland i Føresvik fylte 4 år 8.juni. Gratulerer med vel overstått!

Hilsen mamma, pappa, Lars-Andre, Birgitte, Oddvar, Mikal, Eilin, Madelene, Tone og Christian.



Karen Nesse Hetland ble 7 år 15. juni. Gratulerer med overstått dag!

Hilsen fra alle i familien.

Rideleir på Krovågen Hestesenter

I sommer hadde Krovågen Hestesenter tre uker med rideleir.

Kari Christensen kan fortelle til Bokn Bygdablad at turning på hesteryggen, som forøvrig heter "voltige", var noe av det aller mest populære ungene holdt på med.

Lusti, hesten til Charlotte Kjellesvik, var en tålmodig og stødig hest, med en god og bred rygg å turne på.

AKROBATIKK: Fjordingen Lusti med eieren Charlotte Kjellesvik. På hesteryggen trener Ida Kristin Flygansvær på å stå på hodet!



Flinke ungdommar!

Sophie Jansen Alvestad, Camilla Holm Birkeland & Jardar Havikbotn

Merete Bryningsland og Rebecca Sæbø har vaska oppe på Petra fritidsklubb i ca. 1 år nå, og synest det er heilt greit arbeid. Samarbeidet med kommunen kan bli betre, spesielt med tanke på vasking av skitne filler.

Det er ofte svært skittent på Petra. Dei meiner grunnen til det er at folk ikkje har folkeskikk og ikkje brukar søppelbøttene som er der. Dei håpar at folk kan prøva å visa litt hensyn.

Det Merete og Rebecca liker minst med arbeidet er å vaska opp etter selskap, fordi dei som har leigt berre har sett ting frå seg der dei ikkje skal stå.

KAN BLI BETRE: Merete (tv.) og Rebecca er lei av at folk ikkje tar ansvar og at dei ikkje brukar søppelbøttene.



AVTROPPANDE STYRE: Fv. Emilie Moi Eikje, Veronika Sæbø, Tom Inge Aksdal, Eirik Veia, Therese Våge og Jørgen Thuestad.

Petra fritidsklubb har gjennomgått fleire positive forandringar det siste halvanna året, med nyopninga 22.02.02 som det sentrale vendepunktet.

Personane på bildet har saman med dei tidlegare styremedlemmene Camilla H. Birkeland og Lars Øyvind Alvestad vore med og løfta klubben der han er no; betre rutiner innan oppgåvefordeling og ansvar, betre samhald, og ikkje minst mykje betre økonomi. Sterk fokusering på dette i perioden har saman med god økonomisk støtte frå kommunen gitt eit flott resultat og glade ungdommar.

Ny styreleiar er Emilie medan Veronika held fram som kasserar. Dei andre går ut av styret p.g.a. vidaregåande skule og flytting.

Det gode arbeidet må først vidare!

Ein stor takk til dei som har gjort og skal gjera ein kjempeinnsats for fritidsklubben!!




Petra fritidsklubb



BOKEN

Dette diktet om Bokn er sendt til slektningar her frå Amerika av Olaf Sigurd Nedrebø i 1939. Han hadde tidlegare emigrert frå Norge. Han kom frå garden Nerabø på Austre Bokn. Bygdabladet har lånt diktet av Tordis Ellingsen. Olaf Sigurd Nedrebø var morbror hennar.

Diktet må sjølvstekt lesast med tanke på tida det er skrive i. Både skrivemåte og innhald ber preg av det.



Øerne Boken ligger lige ved Nordsjøens rand.
Iser i syd og vester tuter og bryter havet med dur og sang.
Ingen kan her finde skjønhed som ei forstaar havets klang.
Kun de som hørte dens brusen i stuen en vugge sang.

Om du vil sjøfuglen se, kom da i dag og ver med.
Her paa de yderste nøkne klipper Skarve og Lommen sitter.
Den fra havbruset fik saadan underbar stemme.
Om kvelden dens sang du ei lett kan glemme.

Lidt inde paa øen man finder, speilklare vand og birke skov.
Her hører vi fuglene kvidre sin elskovs sang i fra knauser og trang.
I lunden de bygger sit rede.
Det gav os fra barndommens naturens fredfulle glæde.

Endnu lidt lengre til Kirken vi maa. Tett under Buknafjellet hvidmalt den staar.
Nu kommer tanker saa stille frem.
Her hviler fædres fra alles vaare hjem.
Mangen en gravhøid er helt slettet du legeme til støv, men sjelen til Gud.

Sett dig nu ned og hvil dig ud, lukk naa dit øie og tal til Gud.
De ord som nu kommer frem er fra hjertets dyb fra dit inderste vell.
Har du holdt de løfte du gav ham den dag?
Eller spilet dit liv i syndens behag?

Guds ord staar fast og lærer saa. At vi alle en dag til reinskab skal staa.
Er det vel med din skjel? Har du fred i Gud.
Har blodet dig rensset din synd slettet ud?
Da venter dig kronen og hvidkledt skrud.

Lad oss nu opp paa hauen gaa. Her staar ein Bauta-stein reist til de faa.
Asbjørn Kloster var hans navn.
Han kjempet og vandt til vaarts alles gavn.
Vi nu ham mindes som Bokens søn.
Æren er stor, men store hans løn.

Nu maa vi skjynde paa; helt til Vaage vi skal gaa.
Føresvik kai med livlig handel.
Hvidmalte huser bort efter stranden,
her de gamle har sit hjem, lund og fredfult i bakken ligger.
Her de stelles her de kledes

og i livets kveld de nu glædes.

Nu i banten maa vi gaa, stor begeistring er at faa for en bokens søn.
Kjænte steder kommer frem vi kan aldrig glemme dem.
Taa og Tvimel, Gongstø, Tresberg, Taaganes, Svartaskjær og Fyren sør i sonne.

Mens vi ror der kommer fram minder i fra barndommen.
Her en speilklar sommer dag fandt min bror en tidlig grav.
Aldrig fandt vi ham i gjen.
Nede i dybet var han gjemt.
Men hos Gud han er ei glemt.

Aarerne vi legger ind nu vil graate ta mit sind.
Her som barn vi sprang legte danste lo og sang.
Her eg kjænder kvar ein stein, kvar ein haug og kvar ei rein.

Husmanstaava, Solkronaa og Tree, ja endog gammla vasshjulet maa med.

Nedrebø, Øvrebø og Kro er paa Austre Boken; Ognøy og Tysver er og samma soknaa.
Over heien vi nu drage.
Vakreste lyngblomst blant sten og Brage.
Holmen og lier kan du nu se.
Der ligger Vaage i aftenes fred.

Vaar reise til Boken er nu fullendt.
Steder er nevnt, men ingen er glemt.
Hvad jeg her har forsøget at bringe frem er den arv vi tog med o. fra den vildeste hav til det luneste hjem.

Lukk saa øiet dit en stund, lad der komme frem en bøn.
Først til Gud og saa til Fædre som dig gav et hjem her nede.
Takk for Far og tak for Mor.
Takk til Syster og til Bror.

Minder har nu sprunget frem fra vaar barndom og vaart hjem.
Er der nogen pladse paa Jorden, slig som hjemmet vaart i Norden?
Vemodstaaren triller ned.
Aldrig fandt vi saadan fred.

Chicago Illinois. 2nd October 1939.
Olaf Sigurd Nedrebø

"Ta sjansen"


Tekst: Sophie Jansen Alvestad, foto: Camilla Holm Birkeland

9. august vart "Ta sjansen" arrangert for fjerde år på rad. Arrangør var Bokn båtforening, og folk hadde samla seg denne dagen ute på Nordre Vågholmen for å nyta det herlege sommarvêret.

Ungar og foreldre bada, solte seg, grilla og prata. Arrangementet byrja klokka halv tre og slutta halv seks. For dei som ikkje hadde båt var det ordna skyss fram og tilbake, så det var ikkje berre båtfolk på holmen denne dagen.

Etter opninga starta den fyrste konkurransen for dei minste. Alle mellom null og sju år kunne vera med på krabbekonkurransen. Her gjaldt det å finna den største og den minste krabben. Klokka tre byrja apebru-konkurransen. Klassane var gutar null til fjorten, jenter null til fjorten, menn og damer. I denne konkurransen skulle ein balansera på to tau som var spent over bassenget, eitt tau til å ha beina på og eitt tau til og halda seg fast i med hendene. På motsett side var det sett opp ei bjølle på ein pinne, det gjaldt å koma seg bort dit og få henne til å ringja på kortast mogleg tid. Det var ikkje alle som klarte heile strekninga utan ein liten dukkert i sjøen. Nokre gav opp mens andre klatra tappert opp på tauet att og fortsette. Etter apebru-konkurransen vart det fyrt opp i grillane og folk kunne nyta eigen grillmat. Somme hadde og teke med seg eingongsgrillar, men det var likevel mange som nytta fellesgrillen.

Då alle var gode og mette vart ungane oppfordra til å ropa så høgt dei kunne på kaptein Snabelsand, i Johannes Nilssen's skikkelse. Han hadde med seg to piratar og kom i land med ei sky av røyk og kjen-



PLASK: Det var ikkje alle som klarte heile strekninga utan ein liten dukkert i sjøen.

sjokolade gullpengar, vart fordelt på alle dei som hadde vore med på å finna han. Då konferansier Olav Lande Rossebø gjorde eit forsøk på å stjela ein mynt enda han i havet.

Etter at kapteinen hadde trekt seg attende var det på tide med kapp-padling. Her var det seks ulike klassar, gutar null til ti, gutar ti til fjorten, jenter null til ti, jenter ti til fjorten, damer og menn. Det var diverre ingen jenter i null til ti års klassen som hadde meldt seg på, så det vart ingen konkurranse i den klassen. Det var ikkje kano dei padla i, det var firkanta plastikk-baljer og heimelaga årer. Inga lett sak kan eg forsikra deg om. Ein skulle padla ut til ei blåse, kome seg rundt den og padla tilbake, så fort ein kunne. Ein kan skjønne at det oppstod fleire komiske episodar under denne konkurransen då ikkje alle deltakarane klarte å halde seg oppi sin "båt" under heile konkurransen. Det var sol heile dagen og ein herleg avkjølande vind som var med å laga det perfekte sommarvêret.

Vinnarane av dei ulike konkurransane:

Krabbekonkurransen

Største krabbe: Fredrik Olaussen og Simen Havikbotn
Minste krabbe: Julie Bokneberg

Apebru-konkurransen

Gutar: Wolfgang Ognøy
Jenter: Vivian Pedersen
Damer.: June Grønnestad
Menn: Arild Nilssen

Padlekonkurransen

Gutar 0-10: Marius Sunde
Gutar 10-14: Wolfgang Ognøy
Jenter 10-14: Vivian Pedersen
Damer: Merethe Alvestad
Menn: Egil Våge

Alle vinnarane blei premierte.



POPULÆRT: Kaptein Snabelsand og hans menn.


ningsmelodien til kaptein Sabeltann. Han hadde gløymt kvar han hadde gjort av skatten sin, og måtte ha hjelp av alle ungane til å finna han. Skatten, ekte

Mandag, - onsdag - torsdag
09.00 - 17.00


COOP BOKN

Tirsdag - fredag 09.00 - 18.00
lørdag 09.00 - 14.00

- Dagligvarer
- Bensin—Diesel
- Medisinutsalg
- Driftsmidler
- Postfilial
- Bank i butikk



coop
marked




BJØRN LINDANGER



Alt i Graving og Transport

Rennesøy, Tlf.: 51 72 36 15 - Mob.: 946 72 848

- Me utfører alt innen graving og transport.
- Me formidler baring og skyting.
- Maskiner fra 1,5 tonn til 21,0 tonn 3 stk
- Levering av røyr og kummer.
- dumperbiler.



A. OLUFSEN SKIPSSERVICE A.S

AVD. BOKN

Tlf. 52 74 84 60 – Mob. 98 20 90 28

VI UTFØRER ALT INNEN: STÅL · ALUM. · RUSTFRITT · RØR-
ARBEID · MASKINARBEID · HYDR. · TESTING, SERTI-
FISERING AV KRANER · LASTE, LOSSEUTSTYR PÅ SKIP

52 75 25 00	Sentralbord		postmottak@bokn.kommune.no
52 75 25 01 98 22 15 01	Rådmann	Jan Erik Nygaard	jnygaard@bokn.kommune.no
52 75 25 02 98 22 15 02	Økonomisjef/personalansvarleg	Solrunn Alvestad	soa@bokn.kommune.no
52 75 25 03 91 35 40 82	Ordfører Tysdag – ring på førehand	Svein Ove Alvestad	svein@bokn.komune.no
52 75 25 04 98 22 15 04	Seksjonssjef sosial	Reidar Alvestad	ralvestad@bokn.kommune.no
52 75 25 05 98 22 15 05	Seksjonssjef teknisk	Hans Faye	hfaye@bokn.kommune.no
52 75 25 06 98 22 15 14	Ingeniør	Unni W W Høivik	uhoivik@bokn.kommune.no
52 75 25 07	Økonomiavdelinga, rekneskap og løn	Leni Mannes	lem@bokn.kommune.no
52 75 25 09 99 53 19 35	Økonomiavdelinga, skatt og fakturering	Lindy Haram	lharam@bokn.kommune.no
52 75 25 08 98 22 15 08	Seksjonssjef kultur	Jardar Havikbotn	jhavikbotn@bokn.kommune.no
52 75 25 10	Seksjonssjef servicetorg	Gro Sørensen	gsorensen@bokn.kommune.no
52 75 25 15	Telefaks Boknatun		
52 75 25 16	Pleie- og omsorgssjef	Anny Kallekott	
52 75 25 30	Bokn sjukestove		
52 74 85 22	Legevaktssentralen		
52 75 25 34 98 22 15 03	Seksjonssjef helse	Gunn Grønnestad	ggroennestad@bokn.kommune.no
52 75 25 36	Psykisk sjukepleiar Tysdag/onsdag 08.00 – 15.00	Miriam Berland	
52 75 25 40	Legekontor	Mandag og torsdag	
52 75 25 43	Open helsestasjon torsd. 08.30 - 11.30 Tysdag etter avtale	Rita Førland	
52 75 25 45	Bokn bibliotek	Linda Ognøy	lognoey@bokn.kommune.no
52 75 25 47 93 41 54 40	Kyrkjeverge Tysdag/torsdag 08.30 – 15.30	Svanhild Alvestad	svalves@frisurf.no
52 75 25 50 98 22 15 10	Seksjonssjef skule	Dag Halvorsen	dhalvorsen@bokn.kommune.no
52 75 25 51 98 22 15 11	Rektor	Ingjerd Ellingsen	iellingsen@bokn.kommune.no
98 22 15 09	Barnevernleiar Tysdag, og etter avtale	Eva Moi	eeikje@robin.no
52 75 25 65 (66)	Skulefritidsordning	Ranveig Nygaard	rnygaard@bokn.kommune.no
52 75 25 67	Telefaks skulen		
52 75 25 69	Forkontor, skulen	Norunn Jordbrekk	njordbrekk@bokn.kommune.no
52 75 25 70 98 22 15 12	Seksjonssjef barnehage	Inger Grete Wiken	ingergrete@bokn.kommune.no
52 75 25 80	Tannlegekontor torsdag og fredag	Anita Knutsen	

Blomsterspråket

Man vet jo aldri i disse sommertider...

ALPEFIOL: Jeg stoler ikke på deg
ANEMONE: Jeg vil alltid huske deg
ASTERS: Tør jeg virkelig tro deg?
BEGONIA: Vi er venner
EFØY: Jeg er evig trofast
ERICA: Jeg er alene
EVIGHETSBLOMST: Jeg vil alltid elske deg
FIOLER: Jeg tenker alltid på deg, men gjør du?
GEORGINE: Du er den beste
GLADIOLUS: Kjærlighet lever ikke uten kamp
HORTENSIA: Ikke vær kald mot meg
SJASMIN: Livets sommer er kort - la oss nyte dens gleder
KAMELIA: Alltid forelsket
KAPRIFOL: Din duft og farge henriver meg
KLEMATIS: Uten deg er jeg ingenting
KLOKKEBLOMST: Fortell ikke noen om vår kjærlighet
KLØVER: Kan ikke du elske meg, så la meg gjøre det
KORNBLOMSTER: Lykke og kjærlighet
LILJE: Jeg er uskyldig, ren og oppriktig
MARGERITT: Hvordan blir min skjebne?
MIMOSA: Rør meg ikke
NELLIK, RØD: Jeg begjærer deg
NELLIK, HVIT: Jeg er oppriktig
NELLIK, GUL: Jeg er sint

PELARGONIA: Jeg foretrekker deg
PRIMULA: Vær nøysom og takknemlig
RINGBLOMST: Jeg liker deg ikke
ROSER, HVITE: Min kjærlighet er ekte, stille og hemmelig
ROSER, GULE: Skam og utroskap
ROSER, ROSA: Kjærlighet
ROSER, RØDE: Jeg elsker deg dypt og inderlig
STEMORSBLOMST: Le ikke av min hjertekval
TULIPAN: Jeg brenner av kjærlighet
TUSENFRYD: Dine følelser er mine
VERONICA: Ta meg i stedet for andre

ROSER

1 rød rose:	Jeg begjærer deg	
3 røde roser:	Jeg elsker deg	
7 røde roser:	Din for evig	
12 røde roser:	Det sterkeste uttrykk for kjærlighet	
1 rød + 2 knopper:	Dette må holdes hemmelig	
1 gul rose:	Dalende kjærlighet	
7 gule roser:	Styrke og utholdenhet	
1 ferskenfarget rose:	Bluferdighet og uskyld	
1 hvit rose:	Nei	

SR-Bank Boken



HUSK:

- ✓ Ring SpareBank 1
- ✓ Flytt pensjonsforsikringen til Unit Link!!
- ✓ NYT LIVET!!!!

Flytter du pensjonsforsikringen over til Unit Link, kan du plassere en større andel av pengene i aksjefond. Da økes mulighetene til høyere avkastning. Unit Link er et enkelt og fleksibelt sparealternativ som gir større mulighet for en spennende pensjonisttilværelse. Du oppnår også skattefordeler ved sparing i Unit Link.
Kjøp Unit Link av noen som kjenner deg.

Stikk innom SR-Bank Boken eller ring oss på telefon 52 74 82 21 - så forteller vi mer!

Sarpsborg SpareBank 1

bank · fond · forsikring · eiendomsmegling



- Tømming av mat- og restavfallsdunkar 26 gonger i året.
- Innsamlingsrute for farleg avfall 2 gonger i året.
- Miljøstasjonar med mottak av papir, glas m.m.
- Containerar for mottak av hytteavfall og ekstra restavfall.
- Levering til miljøparken på Toraneset utan ekstra kostnad.
- Kurs og bingje for heimekompostering.
- Handsaming av innsamla avfall.
- Utdeling og vedlikehald av dunkar.
- Informasjon og rettleiing om renovasjonstenester og miljøspørsmål.

www.toraneset.rl.no

Byggeskikksprisen 2003

Seksjon teknisk ynskjer forslag på kandidatar til byggeskikksprisen 2003.

Prisen blir gitt til byggherrar som har vist allmenn god byggeskikk ved

- å ta omsyn til klima, landskap og tomt
- å harmonisera byggverket med eksisterande bygningar i volum, form og fargebruk
- å søkja løysingar tilpassa staden, gjerne i nytt formspråk og ved nye materialer der behov og funksjonar tilhøyrer nåtida
- å leggja vekt på lokale byggetradisjonar og materialbruk
- estetiske, funksjonelle og økonomiske utfordringar og planløyisingar.

Prisen kan berre heidre byggverk som er ferdig oppført dei siste 5 åra eller eldre byggverk som er rusta opp ved ombygging eller påbygging i same perioden.

Bygningar som er knytte til særskild verne-status, og som er restaurerte i samsvar med pålegg, kan berre unntaksvis vere kandidatar til prisen.

Nå har **du** sjansen til å påverka kven Bokn kommune bør gi byggeskikksprisen.

Skriv eit brev til seksjon teknisk og fortel om kven som bør få prisen.

Frist: 29. august

ALPHA

"Alpha på Bedehuset kl 19.00" står det i kulturkalenderen. Skal tru kva det er for noko? Det er sikkert noko "møtegreier". Og det er heilt rett.

Om ein hugsar ca. eit år tilbake så stod det då og noko i Bygdabladet om Alpha-kurs. For å seie det litt kort og bruke erfaringane frå det kurset som var, kan ein seie at dette er eit kurs som hjelper oss til å bevistgjere kvarandere på kva det er me trur på.

Temaene som blir tatt opp er sentrale i vår kristne tru, blant anna slik som kven Jesus er og kvifor han dør, korleis me kan lese Bibelen og kva bøn er. Det heile er bygd på at det skal vere mykje sosialt samvær. Difor startar ein alltid med kveldsmat, fortset med lovsangsdelen og undervisning for så etter ein liten "kaffipause" avslutte med gruppesamtale. Programmet er fast og det same på alle kveldane, start kl 19.00 og slutt kl 21.45.

Omlag midt i kurset er det ein weekend (fredag til

laurdag) der ein reiser bort for å ha undervisning. For vår del blir dette til Brandøy (Bjoa) saman med ei Alpha-gruppe frå Førresfjorden. Kurset blir avslutta med ein festmiddag for alle deltakartane der dei kan ta med seg ein person.

Dei som var på kurset i fjor var ikkje så mange, men hadde det heilt topp. "Dette må me fortsetje med" er tilbakemeldinga som er komen. Dei som vil stå for undervisningsdelen er dei same som i fjor: Kørner Høie frå Normisjon og Arne Aurdal. I år er onsdag vald som kurdag med start 24.9 kl 19.00.


Det vil alltid vere nokon det ikkje passar for, men me som arrangerer håpte at dette ville vera interessant for nokon og at ein fekk lyst til å vere med.

Ynskjer du fleire opplysningar om kurset kan du ta kontakt med Solveig Våga eller Bjørn Eirik Gundersen.

Påmelding til Svanhild Alvestad, helst før 15.9, tlf. 52 74 84 24 - 93 41 54 40 - 52 75 25 47.

Arrangørar er Bokn Sokneråd og Bedehusstyret.

Gåvetips i Servicetorget



- Bokn gard og ætt 1 kr. 400,-
- Bokn gard og ætt 2 kr. 400,-
- Boknaminner, CD med Jan Spurkeland kr. 150,-
- Frå haug ok heidni, Bokns arkeologi, natur- og kulturhistorie kr. 50,-
- Boknakyrkja, vegvisar i liv og død gjennom 1000 år kr. 50,-
- Boknaspenna, smykke kr. 1.400,-
- Boknaspenna, nål kr. 1.100,-
- Rødbronsenål kr. 900,-
- Rødbronsesmykke kr. 1.050,-

Boknaspenna er i fire utgåver; forgylt, oksydert sølv, kvitt sølv og rødbronse. Sølvkjedene kan vera skjulte eller synlege. Bronsefestene kan berre vera skjulte.

Dameur (Tissot)

funne på utedansen 12. juli.

Kan hentast i Servicetorget.



Auksjonen

Bokn musikkorps minnar om den store haustauksjonen 18. oktober, der også leikehytta som står ved Alvestadkroken Landhandel skal trekkjast.

Har du noko å bidra med kan dette leverast fortløpande.

Ta kontakt med Dagny Kjellesvik, 52 74 86 41



Dameridning

Vi startet opp med nybegynnerkurs for damer tirsdag 5. august på Ognøy.

Har du lyst til å være med på dette, så kan du ringe til Synnøve på tlf. 52 77 72 38.

Ridekurs for nybegynnere

Linda vil til høsten ta inn en gruppe med nybegynnere på sine kurs. Aldersgrense er 1. klasse.

Påmelding til Gry Øvrebø 52 74 86 03 - 99 15 66 82

Søndagsridning

Søndagsridningen starter opp igjen 7. september 2003, Ognøy kl. 14.00 - 16.00.

Distanseritt på Ognøy søndag 17. august

Tradisjonen tro har vi også i år distanseritt i august. Nærmere oppslag/annonse kommer. Ta familien med og møt opp - her blir det bl.a. barneridning og kiosk-salg.

Bursdagsfeiring på Ognøy

Kan du tenke deg en ny vri på bursdagsselskapet?

Synest du det høres herlig ut at andre serverer pølser, baker sjokoladecake, rydder opp og aktiverer ungene med hesteridning, så er dette kanskje noe for deg.


Liker du idèen vår, ring til Gry på tlf. 52 74 86 03 - 99 15 66 82 for nærmere informasjon.

Pris kr 70,- pr. unge inklusiv alt unntatt godteposer.

Organist i Bokn kyrkje

Det er ledig stilling på 20% som organist i Bokn kyrkje frå 1.10-03

Nærare opplysningar kan ein frå hjå kyrkjevevje tlf. 52 75 25 47 - 934 15 440



TILBUD STEINFRI SKJELLSAND + høy og halm

Kr. 140,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.

Kr. 150,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.

*Kontakt Morten Ullenes,
4150 Rennesøy*

Nytt & nyttig

Hjertelig takk for all oppmerksomhet i anledning min 40 års dag!

Jardar

Hjarteleg takk for alle blomsterhelsingar ved min kjære mann og vår far, Øystein Geber, sin bortgang.

Daghild, Magne og Asbjørn

Lege

Dr. Inberg skal ha sine siste ferieveker i veke 36 – 37 – 38, altså frå 1. til 21. september.

Då bladet gjekk i trykken var det ikkje klart om det blei vikar. Ta kontakt med kommunen.

Førstehjelpskurs

Kan du førstehjelp? 1.september startar nytt førstehjelpskurs. Kurset er for alle over 16 år. Kurset er todelt, med 6 + 21 timar.

For dei som vil vidare i hjelpekorpsset kjem ei kurs-helg i tillegg.

Så møt opp på Røde Kors huset (gml. Hognaland bedehus)

1. september kl 18.00

Då får du læra førstehjelp både i teori og ikkje minst praksis! Pris er 50 kr

Lurer DU på noko kan du ringa


Kjell Frode på tlf: 907 83 797

Ønsker å kjøpe/leie enebolig på Vestre Bokn.

Tlf. 52 74 89 95
99 01 34 38

Beate Amundsen

Sykkellås (Bumper) funne ved Boknaton. Har du rett nøkkel får du han att i Servicetorget.



Tusen takk!

Til deg som hjalp oss å hente tomflaskene etter utedansen 12.07:

Takk for at du ville panta dei for oss. Etter mange timars dugnadsinnsats med å samla dei saman, var alt klart til henting. Du kom oss i forkjøpet og fekk alt fiks ferdig til levering.

Pengene kan du setta inn på kto.: 3373.07.01719

Du er hjertelig velkommen igjen neste år, men då kan du vel rydde frå bordene sjølv. Slik at me slepp å gjere alt klart for deg...

P.S Du gløymde å ta med deg bosset

Bokn Musikkorps/Bokn Idrettslag



BOKN KOMMUNE

Seksjon helse

Ledige omsorgsbustader



Bokn kommune har åtte omsorgsbustader til leige frå ca.1.november i år. Førebels dato for ferdigstilling av nybygget er 17.oktober.

Dei ledige omsorgsbustadene vil vere både bustader som sto ferdige i 1995, og av dei nye som er bygd dette året. Kommunen vil sjå heile bygningsmassen ein har til disposisjon til omsorgsformål i samheng, og disponere denne ut frå funksjonelle behov brukarane har, og kva som er hensiktsmessig for tilsyn, drift og personalbase.

Leigeareal

Bustadene er av varierende storleik. Dei eldste husværa er på 51,5 og 64,5 m², utan fellesareal bebuarane kan nytte saman. Dei nye er på 45 og 60 m², med ei felles stove på 60 m² i tillegg til gangareal. Husværa er umøblerte, men fellesarealet vil kommunen møblere.

Husleige

Kommunestyret skal ta stilling til leigepris i sitt møte i september. Leiga for dei eldste husværa har vore uendra dei siste 7 åra, og det er naturleg at det samtidig blir vurdert om desse skal regulerast. Leigetakarane i det nye bygget vil måtta betala ein andel for kostnad med bygging, møblering og reinhald av fellesareala.

Bustøtteordninga vil redusere buutgiftene for den enkelte. Bustøtten blir individuelt berekna ut i frå kriteriar som inntekt, alder og om dei bur åleine. Ein minstepensjonist som bur i ein bustad med leige på kr.4.600,- pr.månad, vil få månadleg bustøtte på kr. 2.605,-. Reell husleige blir då kr.1.995,-. Ein brukar som er uføretrygda, vil få kr.2.619,- i bustøtte for den same bustaden.

Bustøtta kan bli mindre dersom søkjaren har anna inntekt i tillegg til pensjonen.

Søknad om omsorgsbustad

Har du allereie søknad inne, treng du ikkje søkja på nytt, om det ikkje er vesentlege endringar i personlege forhold som det bør takast omsyn til under tildelinga. Søknad skal sendast til Bokn kommune, Helseseksjonen, 5561 Bokn.

Søknadsfristen er sett til 1.september.

Nærare opplysningar kan du få ved å venda deg til Gunn Grønnestad, tlf.52 75 25 34 eller 98 22 15 03.

BOKN FYSIOTERAPI

Tysdag og onsdag og helgene i partalveker.
Direktenr. 52 75 25 33. Ta kontakt for avtale.

Geir Austvik - fysioterapeut

FOTTERAPI

Kvar onsdag på legekontoet kl. 09.00 - 14.00
Første onsdagen i kvar mnd. kl. 15.00 - 18.30

For påmelding, tlf. 52 74 84 79

Rita Jensen - fotterapeut

TRYGDEKONTORET

Kontortid kl. 9.00 - 14.30

Telefontid kl. 8.00 - 15.30

Tlf. 52 75 21 50 - Fax. 52 75 21 51

Direkte innval: 52 75 2 + linjenr.

Ragnhild Ognøy: linjenr. 150

Ingunn Sunde: linjenr. 152

Ingunn Sunde - trygdesjef

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag i Boknatun
kl. 9.00 - 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre
vekedar, tlf. 52 77 05 00

Bjørn Bruaset - jordbrukssjef

DAGSENTERET

Dagsenteret på Boknatun er ope
kvar onsdag frå kl 10.00 - 14.00.

Alle over 70 år er hjertelig velkomne.

Påmelding, tlf. 52 74 83 09

Julianne Nilssen - aktivtør

Hundeeigarar, pass på!

Det er uappetitteleg og uhygienisk med hundeskit
langs vegar og stiar!

Tenk t.d. på småungar langs vegen som vil ha seg
ein smaksprøve, det er fleire variantar å velja
mellom.

Mange hundeeigarar er flinke og tar opp
desse usmakelege spora etter kjæledyret
sitt med ein gong, medan mange kan bli
mykje flinkare. Skjerp dykk!

Hugs også båndtvangen, heile året.....



BOKN BYGDABLAD



Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Frist for
innlevering av stoff er etter avtale med
redaktøren. Bladet kjem ut 10 gonger i året.
Eit abonnement kostar kr. 200,- pr. år, gratis
for bortebuande skuleelevar og studentar.

BYGDABLADNEMND

Svein Ivar Langhelle

Eva Moi

May Jorunn Vatnaland

TILSETTE

Jardar Havikbotn, redaktør

Tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08

E-post: jardar@bygdabladet.no

Reidar Alvestad, journalist

Tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04

E-post: reidar@bygdabladet.no

Linda Ognøy, medarbeidar

Tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82

E-post: linda@bygdabladet.no

ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 500,-

Halvsida kr. 300,-

Kvartside kr. 150,-

1/8 side kr. 100,-

Privatann. kr. 30,-

Fastann. etter avtale

www.bygdabladet.no

Stort forsidebilde

Sommaridyll rundt "Tå"

Foto: Sophie J. Alvestad



VEDHOGST

**Bokn kommune skal felle granene som står
rundt gårdsplassen på brannstasjonen. Trærne
utgjør flere favner med ved som bør tas vare
på.**

**Veden kan overtas mot oppskjæring og
rydding.**

Interesserte kan henvende seg til teknisk etat.

Jenter i sommarjobb

Sophie J. Alvestad og Camilla H. Birkeland

Kommunen har hatt tilbod om sommarjobb i seks år no, og det er populært blant ungdommane.

Dette er tredje året Hanne jobbar i Bokn barnehage. Ho har lyst å jobbe med menneske i framtida, og held på å utdanne seg til hjelpepleiar. Ho tykkjer det er litt dumt at ho ikkje kan søkje på sommarjobb i kommunen til neste år, fordi ho tykkjer det er kjekt og interessant, og da har ein noko fornuftig å gjera på.

Hanne Nilssen



Løna ho får for å ha jobba i barnehagen vil ho bruke på diverse skulesaker, men ho skal setje mesteparten i banken.

Therese Våge



I år har Therese jobba i Bokn Bygdeservice, der ho blant anna malte på Kleivå. Ho har hatt nytte av tilbodet til kommunen i 2 år no, og ho jobba første året i Bokn Barnehage. Therese skal begynne på vidaregåande til hausten, der skal ho ta allmenn på Skeisvang. Etter det tenkjer ho på å bli politi.

Ho skal søke på sommarjobb i kommunen neste år også, men tykkjer det er dumt at det er siste gongen. Men ho skal flytte til Haugesund, og ser ikkje bort ifrå at ho søkjer på jobb der om 2 år.

Løna skal ho bruke til bøker og shopping i Bergen.

Kristina har hatt sommarjobb i Bokn Barnehage kvar sommar i 3 år no. Ho tykkjer det er gøy å jobbe med ungar, og har tenk på å bli barnepedagog. At tilbodet ikkje gjeld til neste år tykkjer ho er dumt, for da må ho stresse med å finne jobb i Haugesund. Men ho har planar om å flytta til Haugesund om ei stund, så det blir nok jobb der uansett.

Kristina Faye



Pengane ho tener skal ho bruke når ho skal på tur til Paris med franskklassen.

Beate Syvertsen Are



I år er det fyrste året Beate har sommarjobb i kommunen. Ho jobbar i Servicetorget og tykkjer det er heilt greit å jobbe der, men trur ikkje ho kjem til å søkje neste år. Hjelpepleier er eit yrke ho kunne tenkje seg å jobbe med.

Beate kjem til å setja ei del av løna si i banken, men kjem til å bruke ein del til skule.